

Skjåk kommune

Saksutgreiling

Arkivreferanse: 2024/31-4

Saksbehandlar: Tor Taraldsrud

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
2024/52	15.10.2024	Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling
2024/61	23.10.2024	Formannskap

Jakt på bever i Skjåk

Saksutgreiling - handsama i utval for vilt og fisk:

Vilt og fisk møte nr 4-24 26. juni, 2024

Møtt	Faste representantar	Møtt	Vara (i prioritert rekkefølge):
X	Øystein Breie, leiar	X	Morten Brekkum
	Per Olav Haugen		Cesilie Aaboen Dagsgard
X	Marianne Stensgård		Per Dagsgard
X	Pål Eiesar		Liv Oddrun Maurstad
X	Tor Erik Myhren		Randi Rust

Sekretær: Tor Taraldsrud, tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Kommunen kan opne for jakt på bever gjennom å vedta ei forskrift som opnar for slik jakt. Heimel til dette finn ein i viltlova og i forskrift om forvaltning av bever.

Det er kommunestyret som er delegert mynde til å vedta forskrifter. Saka blir først førebudd av utval for vilt og fisk. Deretter blir den sendt ut på offentleg høyring og ettersyn med høyringsfrist på minimum ein månad. Deretter blir saka framlagt for utvalet på nytt før den går vidare i det politiske systemet via hovudutval for miljø og samfunnsutvikling, formannskapet og til kommunestyret for endleg vedtak.

I fylgje forskrift om forvaltning av bever skal kommunar som ynskjer å opne for jakt på bever vedta målsetting om utvikling i beverbestanden. Denne målsettinga kan ein inkludere i den lokale forskirfta om opning på jakt av bever.

Vurdering

Beveren kom til Skjåk for om lag 20 år sidan og er no godt etablert i vår kommune. Den har etablert seg mange plassar etter hovudvassdraget og i fleire mindre sidebekkar. Av dei litt større sideelvane er det særleg Ostre som har fått fleire beveretableringar. Det er registrert aktivitet av bever så langt vest som til Surtbyttvatnet.

Estimering av beverbestanden kan bli gjort ved å registrere aktive beverhytter. Det er vanleg å rekne fire beverar pr hytte. Beveren har liten produksjon. Dersom ein ynskjer stabil bestand er det ikkje tilrådd å ha meir enn 15 % uttak.


I Skjåk er det truleg om lag 10 aktive hytter eller om lag 40 beverar. I så fall kan tole eit uttak på om lag seks beverar pr år. Bestanden varierer truleg ein del frå år til år, i tillegg er den truleg framleis i vekst så det kan hende bestanden no er noko større enn estimatet over. Langs eit vassdrag med fast tilhald av bever er det vanleg å rekne ein beverkoloni pr 2-5 km.

Beveren bygger dammar og det har vore nokre tilfelle der beveren sin aktivitet har sett dyrka mark i Skjåk under vatn. Det har derfor vorte gjeve løyve til å fjerne beverdammar og også til uttak av bever i område der den har gjort skade.

Dersom ein opnar for jakt på bever er det primært for å kunne regulere beverbestanden i dei områda der ein har skadeproblematikk. Samstundes er jakt på bever ei jaktform som ein kan drive på ei tid av året da det ikkje er så mange andre artar å jakte på. Blant fleire jegerar er derfor beverjakt ei etterspurd jaktform på våren.

For å unngå overbeskatning av beverbestanden er det ynskjeleg at det blir fastsett ei kvote for uttaket, jf § 3 i den nasjonale forskriften om forvaltning av bever. Det er mogleg å fordele kvoten til eksisterande hjorteviltsvald, noko som truleg vil fungere fint i Skjåk. I utgangspunktet kan ein fordele kvoten likt mellom Skjåk Utmarksråd og Skjåk Almenning, men dette kan ein justere iht. kva område som har størst produksjon og i kva område ein ynskjer størst uttak av bever. Det må bli etablert eit system med kontakt mellom jegerar og kommunen for rapportering av felt bever og for varsling om kvoten blir fylt. Pr i dag kan dette bli gjennomført via sms, men andre løysingar kan også vera aktuelle.

Utvikling i ein beverbestand er synt i figuren under (kjelde: Miljødirektoratet):



Figuren viser en normal utvikling av en beverbestand gjennom 100 år uten beskatning. Fase 1, som omfatter de 40 første årene fra beveren kommer til et nytt område, innebærer en rask bestandsøkning samtidig med at tilgjengelige matressurser går tilbake. Dette gir i sin tur en rask bestandsnedgang. I fase 2 har forholdet mellom bestandsstørrelse og mattilgang stabilisert seg.

I følgje § 7 i Naturmangfaldlova skal forskriftar som omhandlar naturmangfald vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: Det har blitt fylgt med på utviklinga i beverbestanden i Skjåk gjennom fleire år. Drøfting av bestanden er gjort lengre opp i denne saka. Kunnskapsgrunnlaget er godt, men det er ynskjeleg med oppdaterte data om beverbestanden.

§ 9 - føre-var prinsippet: Kunnskapsgrunnlaget er bra, føre-var -prinsippet er ikkje naudsynt å bruke.

§ 10 - samla belasting for økosystemet: Effekten av forskrifta er ei berekraftig forvaltning av beverbestanden i kommunen.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Ikke relevant i denne saka.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Ikke relevant i denne saka.

Innstilling

Forslaget til forskrift om opning for jakt og fangst av bever, Skjåk kommune, Innlandet, blir lagt ut til offentleg høyring og ettersyn med minimum ein månad høyringsfrist. Forslaget vil få følgjande ordlyd:

Forskrift om opning for jakt og fangst av bever, Skjåk kommune, Innlandet

§ 1.Føremål

Føremålet med forskrifa er å legge til rette for ei berekraftig forvalting av bever der det vert teke omsyn til naturleg utbreiing av bever, jakt og fangst av bever som nærings- og rekreasjonskjelde og for førebygging av unødige skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.

§ 2.Opning for jakt og fangst

Det blir opna for jakt og fangst av bever i heile Skjåk kommune. Uttaket skal vera størst i dei områda der beveren gjer skade på t.d. landbruk, infrastruktur eller andre samfunnsinteresser.

Kommunen kan fastsette ei årleg eller fleirårleg (maksimalt treårig) kvote for jakta. Kvoten kan bli fordelt til godkjente hjorteviltvald i Skjåk kommune.

Alle jegerar må registrere seg hjå Skjåk kommune minimum 10 dagar før dei startar å jakte. Kvar felte bever skal straks bli varsle til Skjåk kommune. Jakta blir stoppa når kvoten er full. Kommunikasjon mellom Skjåk kommune og jegerar skjer på den måte som kommunen bestemmer og blir varsle saman med kvotevedtaket.

§ 3.Jakt- og fangsttid

Jakt- og fangsttida følgjer den til ei kvar tid gjeldande jakttid som er fastsett sentralt i forskrift om jakt og fangsttider vedteke med heimel i lov 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt § 9.

§ 4.Iverksetjing

Denne forskriften vert sett i verk ved kunngjering.

Heimel: forskrift 26. april 2017 nr. 519 om forvaltning av bever § 2 og § 3, jf. lov 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven) § 9.

Behandling

Utalet poengterte at bestandsestimatet på 10 aktive beverkoloniar er eit minimumstal og at det kan vera langt fleire beverar i Skjåk.

Forslaget i §2 tredje ledd kan bli fjerna. Det blir opp til jaktrettshavar (dei to valda) å passe på at kvoten blir fulgt (tilsvarende som jakt på elg, hjort og rådyr).

Samrøystes med endringane over.

Vedtak

Forslaget til forskrift om opning for jakt og fangst av bever, Skjåk kommune, Innlandet, blir lagt ut til offentleg høyring og ettersyn med minimum ein månad høyringsfrist. Forslaget vil få følgjande ordlyd:

Forskrift om opning for jakt og fangst av bever, Skjåk kommune, Innlandet

§ 1.Føremål

Føremålet med forskrifta er å legge til rette for ei berekraftig forvalting av bever der det vert teke omsyn til naturleg utbreiing av bever, jakt og fangst av bever som nærings- og rekreasjonskjelde og for førebygging av unødige skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.

§ 2.Opning for jakt og fangst

Det blir opna for jakt og fangst av bever i heile Skjåk kommune. Uttaket skal vera størst i dei områda der beveren gjer skade på t.d. landbruk, infrastruktur eller andre samfunnsinteresser.

Kommunen kan fastsette ei årleg eller fleirårleg (maksimalt treårig) kvote for jakta. Kvoten kan bli fordelt til godkjente hjorteviltvald i Skjåk kommune.

§ 3.Jakt- og fangsttid

Jakt- og fangsttida følgjer den til ei kvar tid gjeldande jakttid som er fastsett sentralt i forskrift om jakt og fangsttider vedteke med heimel i lov 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt § 9.

§ 4.Iverksetjing

Denne forskrifta vert sett i verk ved kunngjering.

Heimel: forskrift 26. april 2017 nr. 519 om forvaltning av bever § 2 og § 3, jf. lov 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven) § 9.

Kommunedirektøren si tilråding

1. Forslaget til forskrift om opning for jakt og fangst av bever, Skjåk kommune, Innlandet, blir lagt ut til offentleg høyring og ettersyn med minimum ein månad høyringsfrist. Forslaget vil få fylgjande ordlyd:

Forskrift om opning for jakt og fangst av bever, Skjåk kommune, Innlandet

§ 1.Føremål

Føremålet med forskrifta er å legge til rette for ei berekraftig forvalting av bever der det vert teke omsyn til naturleg utbreiing av bever, jakt og fangst av bever som nærings- og rekreasjonskjelde og for førebygging av unødige skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.

§ 2.Opning for jakt og fangst

Det blir opna for jakt og fangst av bever i heile Skjåk kommune. Uttaket skal vera størst i dei områda der beveren gjer skade på t.d. landbruk, infrastruktur eller andre samfunnsinteresser.

Kommunen kan fastsette ei årleg eller fleirårleg (maksimalt treårig) kvote for jakta. Kvoten kan bli fordelt til godkjente hjorteviltvald i Skjåk kommune.

§ 3.Jakt- og fangsttid

Jakt- og fangsttida følgjer den til ei kvar tid gjeldande jakttid som er fastsett sentralt i forskrift om jakt og fangsttider vedteke med heimel i lov 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt § 9.

§ 4.Iverksetjing

Denne forskrifta vert sett i verk ved kunngjering.

Heimel: forskrift 26. april 2017 nr. 519 om forvaltning av bever § 2 og § 3, jf. lov 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven) § 9.

Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling si behandling av sak 52/2024 i møte den 15.10.2024:

Behandling

Samrøystes.

Vedtak

1.Forslaget til forskrift om opning for jakt og fangst av bever, Skjåk kommune, Innlandet, blir lagt ut til offentleg høyring og ettersyn med minimum ein månad høyringsfrist. Forslaget vil få følgjande ordlyd:

Forskrift om opning for jakt og fangst av bever, Skjåk kommune, Innlandet

§ 1.Føremål

Føremålet med forskrifta er å leggje til rette for ei berekraftig forvalting av bever der det vert teke omsyn til naturleg utbreiing av bever, jakt og fangst av bever som nærings- og rekreasjonskjelde og for førebygging av unødige skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.

§ 2.Opning for jakt og fangst

Det blir opna for jakt og fangst av bever i heile Skjåk kommune. Uttaket skal vera størst i dei områda der beveren gjer skade på t.d. landbruk, infrastruktur eller andre samfunnsinteresser.

Kommunen kan fastsette ei årleg eller fleirårleg (maksimalt treårig) kvote for jakta. Kvoten kan bli fordelt til godkjente hjorteviltvald i Skjåk kommune.

§ 3.Jakt- og fangsttid

Jakt- og fangsttida følgjer den til ei kvar tid gjeldande jakttid som er fastsett sentralt i forskrift om jakt og fangsttider vedteke med heimel i lov 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt § 9.

§ 4.Iverksetjing

Denne forskriften vert sett i verk ved kunngjering.

Heimel: forskrift 26. april 2017 nr. 519 om forvaltning av bever § 2 og § 3, jf. lov 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven) § 9.

Formannskap si behandling av sak 61/2024 i møte den 23.10.2024:

Behandling

Samrøystes som innstilling.

Vedtak

1. Forslaget til forskrift om opning for jakt og fangst av bever, Skjåk kommune, Innlandet, blir lagt ut til offentleg høyring og ettersyn med minimum ein månad høyringsfrist. Forslaget vil få følgjande ordlyd:

Forskrift om opning for jakt og fangst av bever, Skjåk kommune, Innlandet

§ 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å legge til rette for ei berekraftig forvalting av bever der det vert teke omsyn til naturleg utbreiing av bever, jakt og fangst av bever som nærings- og rekreasjonskjelde og for førebygging av unødige skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.

§ 2. Opning for jakt og fangst

Det blir opna for jakt og fangst av bever i heile Skjåk kommune. Uttaket skal vera størst i dei områda der beveren gjer skade på t.d. landbruk, infrastruktur eller andre samfunnsinteresser.

Kommunen kan fastsette ei årleg eller fleirårleg (maksimalt treårig) kvote for jakta. Kvoten kan bli fordelt til godkjente hjorteviltvald i Skjåk kommune.

§ 3. Jakt- og fangsttid

Jakt- og fangsttida følgjer den til ei kvar tid gjeldande jakttid som er fastsett sentralt i forskrift om jakt og fangsttider vedteke med heimel i lov 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt § 9.

§ 4. Iverksetjing

Denne forskriften vert sett i verk ved kunngjering.

Heimel: forskrift 26. april 2017 nr. 519 om forvaltning av bever § 2 og § 3, jf. lov 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven) § 9.